

NVE
Pb 5091, Majorstua
0301 OSlo

Nokre merknader i høve Statkraft sine utbyggingsplanar i Jostedalen

Eg er kjend med at Statkraft har søkt om konsesjon, mellom anna på det som vert kalla “Vestsideelvane” i Jostedalen. Dersom NVE instiller på ei positiv tilråding til denne søknaden, er det ein del manglar og oppryddingsarbeid etter den førre utbyggingi på 80-talet. Dette må det etter mitt syn ordnast opp i før det kan bli aktuelt med noko “Vestside-utbygging”. Eg ber ogso NVE vurdere om ikkje dette arbeidet må utførast uansett.

Ein del av dette har eg skrive om på bloggen min: *Breheimen-Jostedal Villrein Blog*:
<http://eies.wordpress.com/>

Nedanfor vil eg peika på ein del arbeid som eg meiner Statkraft må utføre og reparere før Statkraft kan søkja om konsesjon for ei ny utbygging.

Steinbrotet ved Styggevatnet. Etter det bygdafolk og andre fortel, er dette steinbrotet ikkje i samsvar med konsesjonsvilkåra den gongen, men ei det naudløysing som utbyggjaren gjorde på 80-talet – i strid med vilkåra. Steinbrotet er visuelt stygt, og farleg for dei som brukar turstien like over brotet, særleg seinhaustes når det er is på stien over steinbrotet. For fleire opplysningar og foto, sjå bloggen: <http://eies.wordpress.com/2009/07/20/steinbrotet-ved-styggevatnet/>

Viva-tjønni. Denne tjønne hadde før utbyggingi ein høgre vannstand enn ho fekk etter utbyggingi. Dette ser ein på vegetasjons-sonene langs kanten av tjønne. I tillegg har tjønne i turkeperiodar hatt ekstremt låg vassstand. I turkeperiodar er tjønne eit skjemma sår i landskapet. Viva-tjønni er til vanleg ein trygg stad for småbarnsforeldre og andre som vil bruka staden til bading, fiske mm. Resten av vassdraget er stort sett ueigna til å la ungar vera åleine pga vassmengda, farten og temperaturen i vatnet. Fleire opplysningar og bilete her: <http://eies.wordpress.com/2010/08/21/viva-tj%c3%b8nni-eit-trist-syn/>

“Sørgjerender”. Ved ein del større og mindre vatn som leverer vatn til straumproduksjonen, er vassstanden senka i høve den opprinnelege. Dette gjeld Sandhaugedalsvatnet, Geisdalsvatnet, Tjønn i Vetle Sprongdalen, kanskje fleire vatn/tjønner - mellom anna i Smådalane (Desse siste har eg diverre ikkje foto frå.) Slik eg ser det er bekkeinntaka slik dei er plasserte nedanfor Holmevatnet og Båtedalsvatnet mykje mindre skjemma inngrep. Det er difor uforståeleg at det skal vera nødvendig med desse “sørgjerendene”, <http://eies.wordpress.com/2007/04/22/s%c3%b8rgjerender-i-sandhaugedalsvatn-og-geisdalvatn/>

Eg tykkjer uansett at Statkraft skal rydda opp i dei forholda eg har peika på her. Difor ber eg NVE vurdere om ikkje dette er rimelege krav. Sameleis at søppel som ligg att i fjella etter den forrige utbygginga vert fjerna. Her tenkjer eg mellom anna på plastslangar og anna søppel som ligg att langs Styggevatnet/Austdalsvatnet, sjølv om det kan sjå ut som at Statkraft har fjerna ein del av dette dei siste åra, spesielt ved Austdalsvatnet.

Alt dette skal etter det eg veit vera kjende saker for Statkraft.

Med helsing

Einar Ese
Haugåsen 17
6871 Jostedal
Mobil: 48214365